



KOPI

Bente Boge

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/528 - 20/4408

Saksbehandlar:

Oddbjørg Vestrheim

oddbjorg.vestrheim@vaksdal.kommune.no

Dato:

20.05.2020

Referat frå synfaring på Kaland 14.05.2020

Til stades under synfaringa: Ronny Vatle Lilletvedt, Joakim Vatle Lilletvedt, Anneli Vatle Lilletvedt, Tore Henrik Øye (landbruksrådgjevar), Tone Dale (ingeniør kart og oppmåling), Geir Håkon Steine (oppmålingsingeniør) og Oddbjørg Vestrheim (byggesakshandsamar).

Bakgrunn for synfaringa.

Kommunen vart kontakta av Kalandsklubben hyttelag om ymse spørsmål knytt til plan, rettar og arealbruk i Kalandsklubben og tilstøytande område på gnr/bnr 41/1. Representantar for hyttelaget var på møte med kommunen v/Øye, Dale og Vestrheim på heradshuset på Dale. Ut frå dette møtet var det semje om å laga eit referat. Referatet vil bli sendt til grunneigar Ronny Lilletvedt. På møtet kom det opp spørsmål om fysiske endringar som er gjort i Grupo, er søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

Synfaringa på Kaland.

Synfaringa starta i Grupo, der me såg på kva tiltak som var blitt utført. Deler av arealet er avsett til småbåthamn i kommuneplanen. Grunneigar orienterte om at han hadde rydda skog, planert, reparert kaien, og fjerna ei maskin etter tidlegare sandtaksdrift, men ikkje gjort utfylling i sjø. For om lag 40 år sidan vart det drive sandtak her, og opprinneleg var marebakken mykje lengre ut enn han er i dag.

Grunneigar ynskjer å dyrka opp området lengst bak til anten fulldyrka eller overflatedyrka areal. Området er avsett til LNF-område i kommuneplanen. Øye orienterte om søknadsplikt for nydyrking og skilnad på fulldyrka og overflatedyrka jord. Spørsmålet om søknadsplikt etter plan- og bygningslova vart teke opp, og Vestrheim informerte om at ein kan gjera terrengendring inntil 3 m utan å søkja, dersom det er snakk om ei rein planering og ikkje dyrking.

Ingen av representantane frå kommunen kjenner området frå før, men ut frå det ein kan sjå av flyfoto, skråfoto frå 2011 (vedlagt), eksisterande terreng og informasjon om dei endringar som er gjort, vurderer ein at dei ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00

Konto

Org.nr. 961 821 967

Hyttelaget hadde peika på miljøaspektet ved arbeidet som er gjort i Grupo, men under synfaringa kunne ein ikkje sjå at det var gjort noko som er i strid med dette. Det vil sei at det ikkje er gjort utfylling i sjø.



Flyfoto av området (oversikt) frå 2008.



Flyfoto av området frå 2008, nærare innpå. Begge utsnitt er henta frå Nordhordlandskart.

Kommunen har ikkje sett skriftleg dokumentasjon på det, men fleire i hyttelaget har informert om at det føreligg rettar til båtfeste og båtopptrekk. På spørsmålet om nokon hadde (tinglyste) rettar her, svarte grunneigar at bnr. 3 har ei nausttomt, som han også viste oss. Dette er ei sak som er til handsaming hjå jordskifteretten. Elles er det gjort avtalar mellom dagens grunneigar og nokre hytteeigarar om å ha båt liggjande her (dei som låg ved brygga aust i området). Utover dette er det ikkje knytt rettar til området, opplyste han om.

Me gjekk vidare og såg på vegen til hyttefeltet og vegen bort til hyttetomta som tilhøyrrer Kåre Reigstad. Grunneigar viste til at det er manglande drenering i vegen og for dårleg grunnarbeid då terrenget er delvis myrlendt. På hyttetomta til Reigstad såg me på arbeidet som var gjort med tomta og kvar eigedomsgrensene til tomta går. På tomta står det ein del byggematerialar, to traktorar, ein traktorgravar, tilhengjar, og ei campingvogn står rett utanfor eigedomsgrensa. På tomta står det også ein kontainer og eit lite skur som ber preg av å vera ein mellombels konstruksjon. Grunneigar informerte om at det hadde stått fleire maskiner og anna langs vegen, som han hadde bede Reigstad om å rydda opp i tidlegare i år, og det har han gjort.

Grunneigar hadde fleire spørsmål om søknadsplikt etter plan- og bygningslova for vegen og hytta og tilhøvet mellom plan- og bygningslova og privatrettslege spørsmål. Vestrheim orienterte om at det i dag er kome inn søknad om vegen til kommunen. Byggeløyvet for hytta er gått ut, men det er mogleg å søkja om

denne på nytt. Grunneigar har ingen merknader til at det blir søkt om hytta på nytt. Når det gjeld vegen, vart det gjeve uttrykk for at han ynskjer å koma til semje med Reigstad, men på vilkår av at han overtek eigedomstilhøvet til vegen, for å sikra vidare landbruksdrift, og ei eventuell framtidig utvikling av hyttefeltet.

Til sist stilte grunneigar spørsmål ved nokre mindre bygg og ein platting som er ført opp på hans grunneigedom på Verpen, og om desse er søknadspliktige. Vestrheim bad han om å senda bilete på e-post.

Synfaringa vart avslutta med at kommunen lova å koma med ei tilbakemelding i form av eit referat.

Med helsing

Oddbjørg Vestrheim
Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

Skråfoto 2011

Kopi til:

Atle Fasteland
Bente Boge
Geir Håkon Steine
Helge Berset
Kjell Aage Kvamme
Kåre Johan Reigstad
Tone Dale
Tore Henrik Øye

Stølsvegen 69

5260

INDRE ARNA

Mottakarar:

Ronny Vatle Lilletvedt

Skulegata 6

5722

DALEKVAM